

**Fra:** Laila Melkevoll (Laila.Melkevoll@hfk.no)  
**Sendt:** 23.05.2014 10:08:39  
**Til:** Fylkestinget  
**Kopi:** Hordaland Fylkeskommune - Postmottak

**Emne:** Invitasjon til å møte Grunnlovsseilassen 2014 og til å delta på Allting for ungdom 31. mai 2014 på Bryggen i Bergen

**Vedlegg:** image001.png;Program Grunnlovsseilassen 2014 31 mai i Bergen.pdf;Utkast fråsegn frå ungdom i Hordaland til Grunnlovsseilassen 2014.pdf  
Til medlemmene av fylkestinget i Hordaland

Grunnlovsseilassen 2014 med skonnerten Anna Rogde kjem til Hordaland og Bergen 31. mai klokka 12. Hordaland fylkeskommune inviterer saman med Bergen kommune til eit arrangement på Bryggen for å ynskje seilassen velkomen. Vengebåten Enigheden vil saman med Redningssskøyta eskortere Anna Rogde inn Byfjorden, og vi vonar at det vil verte ein folkefest på kaia med kultur og debatt.

På vegner av Ungdomspolitisk utval og Ungdommens bystyre i Bergen sender eg ut denne invitasjonen. Vedlagt ligg eit utkast til fråsegn frå ungdom i Hordaland som skal debatterast på Allting for ungdom same dag. Under alltinget er det også spørretime, og høve for alle å be om ordet.

Sjå elles gjerne Grunnlovsseilassen sine sider på [www.facebook.com/grunnlovsseilassen2014](http://www.facebook.com/grunnlovsseilassen2014) for å sjå korleis første del av ferda har vore.

Meld gjerne frå om de har høve til å kome. Ta kontakt med underteikna om de har spørsmål, då eg er lokal kontaktperson for seilassen.

Med helsing

**Laila Melkevoll**

Rådgjevar | Koordinator Grunnlovsjubileet



**HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE**

Agnes Mowinckels gt 5 | Postboks 7900 | 5020 Bergen

Tlf.: 930 34 668 | [laila.melkevoll@hfk.no](mailto:laila.melkevoll@hfk.no)

[www.hordaland.no/grunnlovsjubileet](http://www.hordaland.no/grunnlovsjubileet)

[www.facebook.com/grunnlovsjubileet2014hordaland](http://www.facebook.com/grunnlovsjubileet2014hordaland)